

Hobbyklubb-start med filmgruppe

29.08.2007



Tore Mathiesen tek fatt på ein ny sesong som leiar for hobbyklubben

**Hobbyklubben i Uskedalen bedehus har sitt første treff denne sesongen måndag kveld (frå klokka 19 til 20.30) og kjem med tilbod om ei ny gruppe. Det er ei filmgruppe. Hobbyklubben har klubbkveldar annankvar måndag.**

Hvis du likar å ta bilder, filme, vera skodespelar og lage filmmanus, er filmgruppa noko for deg, heiter til i flygebladet som no er sendt ut.


Klubben held ellers fram med dei tradisjonelle gruppene for modellfly, fjernstyrt bil, avis (Uskedalsposten) og spel. Modellflygruppa nyttar simulator for å lære å flyga først. Etterpå skal deltakarane øve på å flyga med rettleiing av instruktør.

I bilgruppa lærer ein å køyra med fjernstyrte bilar og lærer om fjernstyringar og bensinmotorar for fjernstyrte bilar. I tillegg vil det bli nyttia ein bilbane på klubbkveldane.

I spelgruppa kan ein mellom anna spela bordtennis.

Avisgruppa er noko for dei som likar å skriva og ta bilete – i dette tilfelle for Uskedalsposten som kjem ut med fire nummer i året. Ein lærar å bruke PC, digitalkamera og printar.

Hobbyklubben er for dei som anten går i femte klasse eller er eldre. Det er ingen øvre grense!



Flygruppa blir leia av Erlend Moen, som her står bak Ann Lisbeth Molen og Henrik Dahle.